

Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

Advent- og julenummer

NR. 5 - desember 2015 47. årg.




Brynelunden opne bhg.

side 12



Julespel

side 25



Adventsmesse

side 20



Jula i min barndom

side 17

Bryne - Time - Undheim sokn

Kyrkjekontoret tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne
heimeside: <http://www.time-kyrkja.no>
e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no
telefaks tlf. 51 77 03 60
Prost: Kjell Børge Tjemsland tlf. 416 38 048
Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222
Diakon: Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039
Diakon: Ingelin H Norbakken tlf. 48 19 03 18
Sekretær Bryne sokneråd:
Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64
Sekretær Time sokneråd:
Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64
Sekretær Undheim sokneråd:
Knut Undheim tlf. 951 60 990
Sekretær: Inger-Kathrine Fossdal tlf. 51 77 03 77
Sekretær: Siri Vik tlf. 51 77 03 76
Kyrkjevjerje: Olav Vegard Søyland tlf. 51 77 03 69

Time
Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847
Organist: Oddny Underhaug tlf. 900 11 178
Trusopplærer Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872
Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62
Kyrkjetenar helg: Tom Carlos Slettebø tlf. 977 46 283
Soknerådsleiar: Willy Finnbakk tlf. 913 86 545
Klokkar: Sofie Braut tlf. 986 55 128
Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Bryne
Heimeside <http://www.brynekyrkja.no>
Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105
Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708
Trusopplærer Kristine Åsbø tlf. 950 20 920
Barne- og ungdomsarbeider Marion Lende tlf. 904 16 888
TT arbeidar: Jens Hetland Haavik tlf. 936 31 935
Klokkar: Leif Andenes tlf. 909 93 176
Soknerådsleiar: Ola Undheim tlf. 908 58 793
Kyrkjelyduttviklar: Bjørn Inge Hauge tlf. 51 77 03 62
Kyrkjelydsmedarb.: Johannes Kleppe tlf. 951 42 602
Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62
Kyrkjetenar helg: Håkon Espevik tlf. 413 79 422

Lye forsamlingshus
Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>
Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847
Leiar forsamlingsstyret: Arne Heggheim tlf. 900 34 326
Administrator Lye: Sigurd Idland tlf. 466 98 050
Ungd.arbeid. Lye: Anders Høgsås tlf. 952 51 809

Undheim
Heimeside <http://www.undheimkyrkja.no>
Sokneprest: Dag Øvind Østereng tlf. 41 65 98 93
Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346
Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560
Soknerådsleiar: Kari Skare Sikveland tlf. 959 29 283
Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20

Besøk vår nettside:
www.time-kyrkja.no
E-post sokneråda:
Time sokneråd: time.soknerad@time-kyrkja.no
Bryne sokneråd: bryne.soknerad@time-kyrkja.no
Undheim sokneråd: undheim.soknerad@time-kyrkja.no

Foto framside: Fra julespelet "Jul på Lye" 2013 - Dag Henrik Fosse

Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland, Arnfinn Vigrestad, Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard. Layout: Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard.

Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@lyse.net innan 4. februar.

Neste nr. kjem ut ca. 25. februar 2016.

Min Salme

...*"Det er ikkje berre teksten og melodien som gjer denne songen så spesiell for meg. Songen grip meg."*

Mitt hjerte alltid vanker

*1. Mitt hjerte alltid vanker
I Jesu føderum,
Der samles mine tanker
Som i sin hovedsum,
Der er min lengsel hjemme,
Der har min tro sin skatt,
Jeg kan dig aldri glemme,
Velsignet Julenatt!*

*7. Akk kom, jeg opp vil lukke
Mitt hjerte og mitt sinn
og full av lengsel sukke:
Kom Jesus, dog herinn!
Det er ei fremmed bolig,
Du har den selv jo kjøpt,
Så skal du bli trolig
Her i mitt hjerte svøpt.*

*8. Jeg gjerne palmegrene
Vil om din krybbe strø,
For dig, for dig alene
Jeg leve vil og dø.
Kom la min sjel dog finne
Sin rette gledes stund,
At du er født her inne
I hjertets dype grunn!*



Solveig Sæter Konstali

Eg har hatt ein god oppvekst. I vår familie starta vi og avslutta dagen i lag med Gud. Om morgonen las vi dagens tekst og ba saman før vi skulle til jobb og skule. Om kvelden song vi i lag og ba før vi skulle legge oss. I jula var det spesielt mykje song og musikk.

Ein av songane som vart mykje brukt heime i adventstida og jula, var «Mitt hjerte alltid vanker». Anten vi gjekk rundt juletreet eller sat rundt bordet, song vi denne salma fleirstemt og med ei heilt spesiell ro. Eg har alltid likt melodiføringane i songen. Det er noko vakkert melankolsk i den. Då eg var lita forsto eg berre ein brøkdell av teksten, men den har vokse med meg, og stadig vekk grip eg meir av innhaldet.

Det er ikkje berre teksten og melodien som gjer denne songen så spesiell for meg. Songen grip meg. Kvar gong eg syng eller høyrer den, vert eg rørt emosjonelt. Eg kjenner glede, fred og takksemd for å høyre Jesus til. Og eg får ein lengsel etter å leve nærare Jesus.

Songen opnar augo mine slik at eg får sette ting i perspektiv. Eg ser meir av kven Gud er og kva Han har gjort for meg.

Solveig Sæter Konstali

Til ettertanke

«Lille barn»

*Hvis du ble født hos oss, lille barn,
hvis du ble født i kveld.
Hvis mor di var så trøtt, lille barn,
men ikke fant ei seng.
Hvis hun kom hit og banka på,
hvis hun kom hjem til meg.
Ville jeg forstå, lille barn,
eller ville jeg sagt nei.*

Denne julesangen er forholdsvis fersk, men likevel svært aktuell, beskrivende og sterk. Vi nærmer oss den tida av året der fellesskap og samvær er ekstra viktig og fyller for mange de fleste rutene i kalenderen. Desember måned er dagene med julegrøt, nissefest og innpakking av presanger. Marsipanen og pepperkakene er tidlig på plass i butikken, ja, kanskje for tidlig vil noen si. Vi fylles med både glede og forventning frem mot selve julaften - som er høydepunktet for store og små. Men, midt i alt som skjer- midt i alt det travle: ser vi noen som ikke har denne forventningen og gløden i øynene? Ser du mennesket som faller utenfor? De som ikke er en del av fellesskapet som leter etter mandelen i julegrøten? De som kanskje sitter for seg selv på nissefest? Eller hun som kjenner at klumpen i magen vokser seg større etter som julaften nærmer seg- fordi hun skal være alene- i år igjen? Den lille familien på flyktingemottaket - traumatisert

etter den livsfarlige ferden over havet i en synkeferdig båt - fortvilelsen over uvissheten for fremtiden og sårene fra fortiden. Ser du dem? Tenk om vi kunne satt tida på pause. Tenk om vi kunne hoppet av karusellen som svinger fortere og fortere, for det er så mye vi skal rekke over nå før jul. Tenk om vi kunne løftet blikket. Tenk om vi kunne se dem som trenger å bli sett, som trenger å være en del av fellesskapet, som trenger at du strekker ut ei hånd!

*Hvis engler kom i natt, lille barn,
hvis engler kom i sky.
Og jeg var der og så, lille barn,
på engler i min by.
Og hvis de sa jeg skulle gå
til stedet for å se.
Ville jeg forstå, lille barn,
og våget meg av sted?*

Gud sendte sin egen sønn til verden. Jesus ble født. For de aller fleste var han et vanlig guttebarn, men Simeon og Anna i templet så Guds frelse i dette barnet. Etter hvert ble det klart for flere. «For så høyt elsket Gud verden, at han ga sin Sønn, den enbårne, for at hver den som tror på ham, ikke skal gå fortapt, men ha evig liv» Joh. 3, 16. Den tida Jesus levde på jorda, kunne mennesker se ham, bli berørt av ham og hans kjærlighet. Guds kjærlighet ble synlig, tydelig og nærværende.



Kristine Åsbø

Troen er Guds gave til oss. Vi skal ikke prestere noe. Vi skal bare ta imot. Så herlig! Vi kan også få dele denne gaven videre. Tenk, så stort å få dele Guds ord! Vi skal også få være Jesu hender i dagens samfunn! Jeg spør meg selv noen ganger: Hva ville Jesus gjort? Helt konkret kan vi få være medmennesker som bryr oss. Du kan få være den som betyr en forskjell for noen når livet er utfordrende og vanskelig. Det handler noen ganger om å trø utenfor sin egen komfortable sone, om å utfordre seg selv. Men Jesus er der sammen med oss, alltid!

*«Å hvis jeg fant deg der, lille barn,
ja, hvis jeg fant deg der.
Hvem ville jeg få se, lille barn
når jeg var kommet nær?
Hvis gata var din nye stall,
og asfalt var ditt strå.
Så jeg hvem du var, lille barn,
og ville jeg forstå?»*

«Det dere gjorde mot én av disse mine minste søsken, har dere gjort mot meg», Matt 25:40

Kristine Åsbø
Trusopplærer Brynekyrkja

Gi til NMS – få skattefradrag!

Det Norske Misjonsselskap
BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no

Vil du gi en gave til Normisjon?

Kontonr: 1503.02.13537
Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.

www.normisjon.no

Om berre eg hadde!



Det niande bodet:

Du skal ikkje trå etter eige egedommen til nesten din.

Forklaring: Vi skal ottast og elska Gud, så vi ikkje prøver å lura til oss arven til nesten vår eller huset hans, som om vi skulle ha rett til det, men hjelper han, så han får ha sitt i fred.

Det tiande bodet:

Du skal ikkje trå etter ektemaken til nesten din, eller arbeidsfolket hans eller andre som høyrer nesten din til.

Forklaring: Vi skal ottast og elska Gud, så vi ikkje lokkar eller trugar nokon til å forlata nesten vår, men minner dei om å vera trufaste.

«Du skal ikkje trå etter eige egedommen til nesten din,» og «Du skal ikkje trå etter ektemaken til nesten din, eller arbeidsfolket hans eller andre som høyrer nesten din til.»

Det er fort gjort å ønskja seg ein ny og finare bil. Nokon drøymmer om mannen eller kona som høyrer ein annan til. Andre ser dei dyktige og vil tilsetja dei i eige firma. Til vanleg styrer me ikkje kva me får lyst på, kven me får lyst på eller kva me får lyst til. Tankane berre kjem. Boda handlar om kva me gjer når tankane kjem flygande. Eit visdomsord seier: Du kan ikkje hindra ein fugl å flyga over hovudet ditt, men du kan nekta han å byggja reir i håret ditt.

«Trå etter» er på bokmål omsett til «begjære». Me kan og bruka ordet lysta eller ha lyst på.

I Jakobs brev 1,14-15 står det: «Alle blir freista av si eiga vonde lyst, som lokkar og dreg. Sidan, når lysta er svanger, føder ho synd, og når synda er mogen, føder ho død.» Jakob har sett ein dynamikk, eit psykologisk driv, i freistinga. Når me leiker med lysta, når me dyrkar draumen om det som ikkje er lov, er det kort veg til gjerning. Me kjenner det

att frå forteljinga om syndefallet: «No fekk kvinna sjå at treet var godt å eta av og ein fryd for auget – eit tillokande tre, sidan det kunne gje innsikt. Så ho tok av frukta og åt» (1.Mos.3,6). Før hadde treet sett ut som alle andre tre. Då lysta dreiv tanken, blei treet betre enn alle andre tre. Mennesket berre måtte smaka frukta.

Trå etter handlar om at me aktivt byrjar gjera noko for at det som høyrer den andre til, skal bli vårt. Du kan leggja ein plan for finansiering og kjøpa deg bilen du drøymmer om. Men det er ikkje særleg smart å gå ut og stela ein bil. Dette er enkelt å skjønna og lite farleg når det gjeld ein bil. Men kva om me set dette inn i ein større samanheng? Kan det vera slik at me rike i verda, med vår lyst til å eiga og bruka, tar frå andre det som dei eigentleg skulle ha bruka og eigd? Er det ein samanheng mellom mi og di lyst på billege klede og underbetalte tekstilarbeidarar i Asia? Er det greitt at område som før produserte mat til folk, blir bruka til å dyrka noko for oss langt borte, medan folk der svelt? Millionar av menneske er på flukt eller vandring. Er det deira lyst til å få det som me har, eller vår redsle for å dela vår rikdom, som bodet talar mot?

Boda i Helgedagen

I arven etter våre forfedre er dei ti boda ein viktig ressurs. Me kan med fordel studera dei nærare og reflektera over kva relevans dei bør ha i dagens kompliserte samfunn. Landet vårt er rikt på materielle gode. Men me ser at overflod kan føra til farar og utfordringar. Egoisme og materiell arroganse grip om seg. Kan det vera at gjerda rundt våre verdjar, som dei ti boda, er utsette for press og i stor grad har vorte borte?

Redaksjonen av Helgedagen ønskjer å løfta fram og setja fokus på dei ti boda. Har me bruk for boda i dagens samfunn? Kor viktig er det at ein har "stabbesteinar" eller "føringskantar" på livsvegen? Og er det nok å ha eit lovverk i "det ytre" utan at det eksisterer ein åndeleg dimensjon som påverkar sinnelaget?

RT



Foto: KAA

- Om berre denne bilen var min! Det er lett å ønska seg ny bil, særleg når mange andre har nyare og finare...

Er det ei utlegging av det niande bodet når Paulus skriv: «Har vi mat og klede, skal vi vera nøgde med det. Men dei som vil bli rike, fell i freistingar og snarer og blir gripne av mange slag tåpelege og skadelege lyster som støyter menneske ned i undergang og fortaping» (1Tim.6,8-9)?

Du likar ho eller han på jobben godt. De har gode samtalar, ser kvarandre og gjev kvarandre ros. Du opplever noko du ikkje får heime. Du ønskjer det skal bli noko meir mellom dykk. Det kan vera lurt å tenkja: Korleis kan eg gje ho/han der heime det eg gjev ho/han på jobben? Tar eg tid til samtalen der heime? Finn me løysingar saman? Ser og rosar me kvarandre? Kva var det me hadde saman før, som eg saknar no? Ofte ligg det du saknar og ventar på deg der heime. Du treng berre rydda litt, så finn du det. Eg trur dei fleste meiner det er galt å leggja an på ein annan sin kjærast. Dei som gjer det, prøver å skjula kva dei gjer. Så ikkje trø nærare den du likar enn det din eigen ektemake kunne sjå. Du ønskjer at den flinke skal jobba for deg. Kanskje du

heller kan læra å skapa miljø som utviklar dyktige medarbeidarar. Det kjennest ikkje greitt når konkurrenten stel dine folk. Då er det vel ikkje i orden å stela hans folk?

Misunning

Ho kom heim frå skulen. Mor vart glad og rosa teikninga hennar. Plutseleg har Veslesyster rive teikninga i bitar. Ho tålte ikkje at systera fekk ros. Lysta går ofte hand i hand med bitter misunning. Om eg ikkje kan få, skal i alle fall ikkje dei få gleda seg.

«Gud, sjå i nåde til meg som kjenner den vonde lyst i hjartet. Tilgjev meg mi synd for Jesu skuld. Amen»

Fredagskvelden på Lye



Teknisk gjeng: frå v. Geir Atle, Sverre, Kevin og Ida Terese

Spent utsending frå Helgedagen møter på Forsamlingshuset ein fredagskveld tidleg i oktober. Korleis har ungdommar det på Lye?



◀ Gode lappar hos Anna Bergitte!

Fakta:
"Fredagskvelden"
 er eit tilbod til ungdom på Lye frå 8. klasse og oppover. Ope hus med matlaging, kiosk og sosiale aktivitetar frå klokka 20.30. Møte klokka 22.00. Sosiale aktivitetar etterpå.

Først går vegen til kjøkkenet. Der driv Anna Bergitte Skårland og steikjer lappar. Vanlegvis brukar 8. klassingar å vera med på kjøkkenet og laga maten dei sel etterpå. Denne kvelden vart dei for få, men lappane vart laga likevel. Mange som ville ha seg ein varm, nysteikt lapp! Anna Bergitte fortel at dei brukar å laga ulike rettar som vert selde i kiosken.



Jenteprat!

Kjøkkensamling! Frå v. Ungdomsarbeidaren Anders Høgsås, saman med Kristoffer, Eivind og Sverre

Smilande ungdommar pratar roleg i gangen, andre riggar lyd og gruppa i lovsongsteamet gjer seg klare. Ungdomsarbeidaren, Anders Høgsås, skal halda kveldens andakt. Anders kjem frå Mandal, og han er ganske fersk i jobben. Han fortel at det er mykje nytt å setja seg inn i, men han er interessert i ungdom og ønskjer at dei unge skal få eit godt, kristent tilbod på fredagskveldane på Lye. (Les gjerne meir om Anders i septemhernummeret av Helgedagen!)

Når klokka nærmar seg 22, blir det stille i ungdomsflokken og roa senkar seg. Lovsongsteamet stemmer opp med "10 000 reasons", og Anders har ei sær lyd høyr forsamling å tala til. Dei er rundt 20 i talet denne kvelden, og her er ingen små, blå skjermar som forstyrar! Det er ganske enkelt godt å sitja der og vera tilhøyrar! Applaus etter talen! Flott! Etter talen har dei ei stund med lovsong, og så ventar ei sosial økt.

Anders fortel at dei fleste av ungdommane går på vidaregåande. Han skryter av at dei er flinke til sjølve å ta ansvar i styre og stell, og dei er ein flott gjeng å samarbeida med. Dei ønskjer endå fleire med på møta, så kom gjerne og sjå korleis "Fredagskvelden" er på Lye! Så fint få vera til stades på Forsamlingshuset denne kvelden, og Helgedagen ønskjer dei lukke til vidare med det viktige arbeidet dei gjer på Lye!

Tekst og foto: LHH



Lovsongsteamet: frå v. Tom Carlos, Martin, Magnus, vokalist Anne Grete - og Eivind



Blide ungdommar på Lye forsamlingshus!



Stemningsfullt i salen!

Sophia på Noahs Ark



Noahs Ark ved kai i Stavanger



Sophia

Barn liker bibelske fortellinger. Utallige er de foreldre og besteforeldre som har lest eller fortalt disse historiene for barna. Som regel bruker de bøker fulle av bilder og et språk som passer. En og annen tegnefilm er det også mulig å bruke. Sanger om heltene fra Det gamle testamentet er det også mange av.

I slutten av september fikk vi muligheten til å ta med barnebarnet, Sophia, til skipet Noahs Ark som lå ved kai i Stavanger. Skipet var en riktig koloss, og konstruktøren hadde prøvd å etterligne Noahs Ark slik den er beskrevet i Bibelen. Selv om vi syntes den var enorm, så var den opprinnelige arken mye større, omtrent dobbelt så lang og dobbelt så bred. Vi kom oss inn og traff en hyggelig dame som ga oss noen ark med spørsmål som vi kunne bruke på turen rundt i skipet. Veldig kjekt å finne svarene mens vi gikk rundt og så. Det hjalp oss også til å få med oss alle temaene og bibelhistoriene som for det meste ble illustrert med nydelig uthuggede trefigurer. Her fant vi Adam og Eva og "Kunnskapens tre". "Livets tre" strakte seg gjennom

Noahs Ark hadde selvsagt mange forskjellige dyr



Den blinde kjempen Samson river ned hussøylene



Noahs Ark - museumsskip/temapark

70 m lang
10 m bred
13 m høy

Prosjektidé: Aad Peters, Nederland
Illustrerer bibelske fortellinger fra
Det gamle testamentet med utskårne
tredrukker



Sophia ser inn i "Livets tre"

alle tre dekkene og var sentralt plassert i skipet. Det var veldig omfangsrikt og hult med store hull som Sophia moret seg med å se inn i. Kain og Abel med sauer og grønnsaker hadde stor plass. Videre fant vi selvsagt Noah og hans familie og en rekke dyr, naturligvis. Dette var jo arken!

Abraham som skulle til å ofre Isak var med. Moses fikk flere avdelinger. Vi ser ham som liten baby i Nilen, ser steintavlene med de ti bud. Til slutt ser vi ham med stor vrede knuse steintavlene mens en gullkalv illustrerer grunnen til det. Videre er de kjente historiene om David og Goliat og Samson og Dalila godt gjenkjennelige.

Salomo har fått stor plass i skipet. Vi kjenner igjen historien om de to mødrene som kranglet om det levende barnet og den "Salomoniske dommen".

Lite plass er det funnet til historier fra Det nye testamentet. Ingen av de velkjente fortellingene derfra er det laget oppstilte trefigurer av. Kanskje det kommer senere?

Alle spørsmålene ble besvart, og premiene, tre slikkepinner, fant alle veien til Sophias munn etter hvert. Turen gjennom skipet var en trivelig reise, en reise det nok ikke hadde blitt noe av dersom ikke vi kunne dele den med Sophia.

Tekst og foto: KAA

David og Goliat



Moses er sint og knuser steintavlene. Gullkalven nederst



"Livets tre" har en stor plass og går gjennom alle tre dekkene. Den hvite skikkelsen er Noah



Steintavlene med de ti budene



Over: Kong Salomo feller sin "Salomoniske dom". Kvinnen ber for barnets liv

Under: Utrolig flotte utskjæringer gjennom hele skipet. Her er Edens hage med Adam og Eva



--- ein samtale med Ruth Stabel Berg



Bryne kyrkje



Ruth Stabel Berg

- Eg hugsar dugnadsarbeidet då Brynekyrja vart bygd. Far var med i dugnadsgjengen, og mor var i flokken som sørgde for mat til mannfolka. Slik kom eg òg rett som det var til byggeplassen. På den tida song eg i Te Deum som øvde i Timekyrkja, men ein dag flytta me til Bryne kyrkje. Ja, og sidan har dette vore mi kyrkje.

Ruth har nettopp avslutta ein seks-års periode i soknerådet, dei fire siste som leiar. Ho gir uttrykk for at Bryne kyrkje alltid har vore sentral i livet hennar. Kronologisk betyr det at ho song i Te Deum, var med på mange grupper i Ungkyrkja, stod brur her, feira dåp for sine barn og fire av seks barnebarn.

- Så har du vore aktiv i menighetsarbeidet?

- Då eg sjøl var i etableringsfasen, såg eg kor viktig det var at verdiane eg fekk med meg frå heimen, også blei mine barn til del, at dei vart kjende med kyrkje.

Tidleg kjende ho ansvar både for barnegrupper og speidararbeid. - Sidan fortsette ungane i tur og orden i Ungkyrkja, og det var så gjildt å fylgja med og leggja til rette. - Eg likar å vera der det skjer. Ja, eg har laga og smurt mykje mat i kyrkje, ler Ruth.

- Du var firebarnsmor med diverse fast arbeid i tillegg. Vart du ikkje trøyt av å engasjera deg så mykje i fritida?

Eit kontant «nei» er svaret. - Det hjelper godt å ta ein dag om

gongen. Å vera medspelar i dette har gitt meg så mykje. Samveret med barn og ungdom har berika livet mitt. Eg er rett og slett taknemleg for å ha fått sjansen. Derfor kan eg anbefala det til andre. Når du får vera og veksa i lag med barn, forstår du dei betre. Så ser eg på barne- og ungdomsarbeid som så-å grunnleggjande. Det må starta der for at dei i vaksen alder skal seia «mi kyrkje.»

Seks år i soknerådet

- Då eg vart vald inn i soknerådet, fekk eg kjennskap og oversikt til alt anna som var på agendaen, alt det frivillege arbeidet. Godt samarbeid mellom frivillege og staben gjer at arbeidet får blomstra.

Lista vert lang når Ruth engasjert deler sin kunnskap om stort og smått som skjer i kyrkje. Ho sluttar med å konstatera at - det trengs eldsjeler. Dei tilsette kan leggja tilrette, men dei kan ikkje gjera alt.

- Me må vera flinke å sjå kvarandre, flinke å oppmuntra. Kvar einaste i kyrkjelyden er viktig. Me må ha eit raust mangfald. I julemessa vert det så synleg at alle er med. Mange førebur denne dagen gjennom heile året ved å laga ting til salet og basaren. Når så julemessedagen er der, skal det skje noko i heile kyrkje til seine kvelden. Det er ein stor, praktisk timeplan som skal klaffa for alle aldrar. Eit imponerende puslespel, der både ungdomen og dei vaksne skjøttar sitt ansvar med presisjon. Det er ikkje bare julemessekomitéen som gjer ein innsats. Menigheten gjer det!

- Nå sluttar du i soknerådet

- Ja, eg kjenner at det er litt vemodig. Men nå er det nye kostar, og eg ser andre oppgaver. Eg er med i søndagsskulen nå. Så har eg bore på ein ein draum om mindre fellesskap å invitera folk til. Gudstenesta er det store fellesskapet der me alle har vår plass søndag. I veka finst det foreningar og grupper. Mykje av dette

skjer i heimane, gjerne gamle venefellesskap der alle kjenner alle. Men kva med dei som ikkje har ein slik plass å tilhøyra, dei som er nye på Bryne. Kva kunne me invitera til?

Nyskaping i Bryne kyrkjelyd – Kvinneforum

Ruth snakkar rolig og engasjert vidare.

- Kanskje ei gruppe for bare kvinner med fokus på å vera kvardagskristne medvandrarar? Ja, og slik har det vorte. Me kallar oss Kvinneforum og har hatt fem møte så langt med viktige tema. Jesus er førebiletet. Korleis skal me leva og vera til støtte for kvarandre? Oppstart var i peisestova i januar, og første gongen var me bare tolv. Det vart litt symbolsk for oss. Me måtte nå vidare ut.

- Dette visste eg ikkje. Har de hatt annonse i Helgedagen?

- Nei, me er i startgropa og gjer det kjent via jungeltelegrafan. Me har ein innleiar og eit tema på kvart møte t. d. Medvandring, nærleik og verdighet i møte med rus. Medvandring med psykisk sjuke o.fl. Det vert gode samtalar etterpå, og folk har ikkje hasta heim. Nå er me i tenkeboksen for nye tema.

Ruth går. Samtalen er slutt. Men tankane ho delte lever vidare i huset.


Eg høyrer det siste presten minner oss om i gudstenesta:

Gå i fred! Ten Herren med glede!

Kva sa ho om å vera medarbeidar i kyrkjelyden?

At det berikar livet, at det er ho som får og skal takka for ansvar og oppgaver! Minner ikkje dette om ein plakate frå 1970-åra? Då var eg misjonær i Kamerun. Dei protestantiske kyrkjesamfunna i heile landet stod bak eit felles evangeliseringsarbeid under mottoet: Nytt Liv For Alle – New Life For All - Vie Nouvelle Pour Tous, og denne plakaten vart flittig brukt i undervisninga. Sanneleg finn eg fleire eksemplar på loftet! Den øverste båten får liten fart når bare presten/staben ror. Nederst brukar alle i båten, kyrkjelyden, si åre. Dette er det Ruth minner oss om.

emb



Kyrkjelyden: Illustrert øvst med ein prest som ror aleine og nedst der alle ror. (Plakat fra Kamerun, ca. 1970)

Brynekyrkja:

Misjonsprosjektet - Madagaskar - fullført



Nytt internatbygg: Her står internatbygget med plass til 24 personar ferdig! Teologisk utdanning: Elevane er ivrige etter å læra, og nå har fleire fått gode butilhøve gjennom Bryne kyrkje sin innsats.

Etter forslag frå Misjonsutvalet vedtok Bryne sokneråd i mars 2013 å støtta eit misjonsprosjekt for Det Norske Misjonselskap (NMS) på Madagaskar.

Det var rehabilitering av eit internat ved presteskulen i Alakamisy Ambohimaha. Det har vore fleire ofringar og arrangement for å få inn 149 000 kr som ein lova i prosjektavtalen.



Kjøkkenet: Kjøkkenet er ope med tak over. Her kokar elevane maten sin på kolgruer

Sommaren 2015 var rehabiliteringa fullført, og internatet er nå teke i bruk. I alt er det kome inn 174 683 kr til prosjektet. Av dette er 24 500 kr direkte innsende pengar frå enkeltpersonar. Det overskytande beløpet i høve til lovnadsbeløpet, 25 683 kr, vil NMS disponera til anna rehabilitering på presteskulen.

TAKK og TAKK TIL ALLE GJEVARAR!

Jan Rosland

Brynelunden opne barnehage



Brynelunden opne barnehage

Brynelunden - det kling så godt! Namnet osar velkomen inn til noko lunt og fint. Slik kjennest det å koma på besøk.



Marit Almås Kindervaag

Styrar Marit Almås Kindervaag tek imot.

Når ingen er høgsmelte, når roma er opne, når små barn stabbar og tuslar rundt i innesko med sine leiker, og mor eller personalet ikkje er langt unna, då er det trygt.

- Det er viktig å hugsa alle namna, og me seier God morgen og namnet til den einskilde kvar dag. Når me har

borna framfor oss, kommuniserer med dei i samlingsstunda og i smågrupper, er me bevisste på å få blikkontakt. Å sjå på kvarandre, sjå inn i augo, skaper trygghet og ro. - Hit kan foreldre som er heime på dagtid koma med småborna, koma og gå som dei vil i opningstida som er frå kl 09.00 til 13.00. Dei fleste borna er under tre år og i fylgje med mor/far eller ein annan vaksen. Me tilrår vanleg barnehage då. I Open barnehage møter born og vaksne andre i same situasjon og har det hyggeleg i lag. Grunnen vert lagt for nye vennskap og nytt nettverk. Alle har matpakke med. Drikke sørgjer barnehagen for. Prisen er kr. 25.- kvar gong. Dette ordnast praktisk greitt fordi mange har klyppekort.

Samlingsstunda var ei utruleg god oppleving. Alle sat på golvet, også dei som leia samlingsstunda, Astrid Grastveit

og Solveig Hagen. Det var gitarspel og song med tydelege rørsler som alle var med på. Velkomen-sang, helse på-sang. osv. vart til mykje glad lyd frå barnestrupene! Ekstra liv vart det då rytmeinstrument og små trommer kom på golvet. Alle som kunne stå eller gå sjøl var på beina. Om musiseringa ikkje var fullkomen, så var i alle fall rytmen i orden. Sjøl dei som måtte støtte seg til tromma for å halde balansen, trippa og trødde takten. Når aktørane på denne scenen attpå til representerer eit mini-FN midt i Bryne, var tårene ikkje langt unna. Her får alle leike og leve langt



Mor-barn gruppa (praktisk norskopplæring) med Beate Alsvik og Eldbjørg Horpestad

unna truslar og rykte om krig!

Ettersom det ikkje er noko uteareal for denne barnehagen, skjer også fysiske aktivitetar innandørs. Små kroppar treng ikkje så stor plass verken til eigen aktivitet eller apparata dei trener og leikar i. Så gymnastikk får dei. Det er vel organisert i eitt av romma. Dei tilsette legg tilrette for mange aktivitetar, og foreldra er i sving med å hjelpe dei små. Borna får sjøl velja både kva dei vil gjera og lengda på øktene. Spesialinteresser kan få god grobotn her.

Mor- barn gruppe er spesielt for kvinner med minoritetsbakgrunn, eit 20-timars tilbod til mødrer med babyar mens dei går på språkstasjonen. Elleve punkt er sette opp for undervisninga av denne gruppa, med mål som gir hjelp til å bu og trivast med dagleglivet i ein ny kultur. Gruppa plar ikkje vera så stor, så dette vert også god språktrening.

Brynelunden opne barnehage held til i Frelsesarméen sitt bygg i Vardheivegen. Det er Time kommune som står bak dette tilbodet og leiger lokalet hos Frelsesarméen. Festen for tjue aktive år vart feira 17. september, og styraren, Marit Almås Kindervaag, har vore med frå starten. Det er stor stabilitet i staben. - Her vil eg vera til pensjonstida, seier ho, - for her trivs eg kvar dag.

25 % av alle som brukar barnehagen kjem frå andre land. Fleire av mødrane går også på språkstasjonen, mens dei i barnehagen får god språkpraksis og godt påfyll til å meistra dei daglege utfordringane i eit nytt land. Det var ganske internasjonalt ved kjøkkenbenken då pizzaen skulle lagast. Vennskap og fellesskap i barnehagen kjem godt med i kvardagen. Det er mange nye kodar å forhalde seg til i eit nytt land. Alt vert lettare når det er sjanse for å møte ein kjenning på gata eller i butikken, vita at det finst vener i området. Om språkbarrieren er der, kjem ein eit stykke med smil og kroppsspråk.

Planen for visjonar og mål med dette pedagogiske arbeidet har ganske klare og detaljerte punkt for måten dei vaksne arbeider på. Det var interessant å lesa heile årsplanen. I innleiinga står det om Open barnehage som ein lærande institusjon: «Me legg vekt på å skapa tryggleik, noko som er grunnleggjande for all læring.»

Det er personalet, med leiaren Marit Almås Kindervaag i spissen, som skaper den gode, varme atmosfæren i barnehagen. I tillegg fortener Time kommune honnør for dette omfattande tiltaket gjennom 20 år. Det må vera ein svært god modell for vellukka integreringsarbeid, ikkje bare for minoritetsgrupper. Dette er ein god plass for alle foreldre som ikkje går ut i arbeid mens borna er små.



"Jeg hilser på deg"



Semhar og Davina



Pia og Jenny Skavland

emb



Semhar med vesle Davina på armen

Ortodoks julefeiring i Eritrea

I Brynelunden opne barnehage møter eg Semhar Bernane frå Eritrea. Ho har bare vore halvtanna år i Norge. Ektemannen har lengre fartstid og er alt integrert i arbeidslivet. Kan-skje det er litt av grunnen til at ho snakkar så godt norsk allereide.

Det er imponerende å kunne føra ein samtale etter så kort tid i framandt land. - Ja, det er veldig viktig for meg å lære språket, for eg vil så gjerne greie Bergens-testen (språkprøve som må til for å vera interessant på det norske arbeidsmarkedet). Semhar er utdanna farmasøyt og håpar det er bruk for henne.

Nå lir det mot juletider. Korleis er dine juletradisjonar i Eritrea?

- I Eritrea er me like mange kristne som muslimar. Det er fifty-fifty. Me lever fredeleg saman og respekterer kvarandre sine religiøse festdagar. Eg tilhøyrrer den eritreisk-ortodokse kyrkja som feirer jul den 7. januar, og me startar kl 06.00 om morgonen. Då kjem både kvinner og menn festkledd til kyrkja, det vil seie i klede av kvitt ullstoff. Me har mange sauer i Eritrea. Julemorgon varer til kl 09.00. Etterpå har me tradisjonell julefrokost i familien med graut. Etterpå er folk opptekne med å lage fest. Mennene slaktar sau eller kylling, og kvinnene startar med å stelle i stand heime, tenkje på alt som trengs i huset til festmåltidet. Me plar også gi kvarandre gåver, nyttige gåver.

- Kyrkjene våre er elles opne kvar dag mellom kl. 06.00 og

09.00. Dei som kan, dei som ikkje skal til noko fast arbeid, brukar desse timane til Bibel og bøn. Ettermiddag/kveld er det program som er tilpassa born eller unge. Ho har bare feira jul i Norge ein gong. Det var i fjor. - Då var eg mest oppteken av å ha eit nyfødt barn i huset. I Stavanger er det både eritreisk og etiopisk menighet.

Eritrea har ei lang kolonihistorie og fekk ikkje sjølstende før i 1991. Dei fleste andre land i Afrika fekk starta som sjølstendige statar rundt 1960. Den siste kolonimakta var den store naboen, Etiopia, som er innland. Dei har såre bruk for tilgang til sjøen, Raudehavet. Derfor er Eritrea, med si lange kyststripe eit interessant land for Etiopia. I nord grensar Eritrea til Sudan som også betyr ein trussel i grenseområda.

- Det er godt å få bu i Norge. Nesten kvar dag koser eg meg og lærer noko. Eg har lært masse på språkskulen. Så kjem eg hit til Open barnehage og møter både norske og utanlandske. Her vert eg integrert. Eg får snakka norsk med folk frå både nord og sør, ja, frå mange plassar i Norge. Derfor lærer eg mykje om dagleglivet og om norsk kultur her.

- Men juletradisjonane frå Eritrea finn du ikkje her. Semhar ser bare tilfreds på meg, med vesle Davina på armen. - Det er så-å Ok med pinnekjøtt, smiler ho.

emb

Trusopplæring i Den norske kyrkja



DEN NORSKE KYRKJA STØRST AV ALT

Trusopplæring i kyrkjelydane våre hausten 2015

Hovudmål for trusopplæringa:

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje kor barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdiar.

Me deler opplevingar og fellesskap.

Me deler håp og kjærleik.

Babysong Undheim:

Som ein del av tilbodet til den opne barnehagen har me **babysong** for barn fødte i 2015

Me møtest annankvar onsdag kl 10.30-11.00. Barnehagen har ope mellom 10-12 kvar onsdag

Velkommen til ei hyggjeleg stund for deg og babyen med song, rørsle og sosialt samvere

Det vert babysong desse dagane i vårsemesteret:

20. januar, 3. februar, 2. mars, 16. mars, 30. mars, 13. april, 27. april, 11. mai, 25. mai, 8. juni

Småsong Lye:

Velkommen til **Lykkeliten opne barnehage** annankvar onsdag mellom 09.30 og 12.30



Songstund kl 10.30-11.00 v/ Ragnhild Hanssen
Lykkeliten er open desse dagane i vårsemesteret:
13. januar, 27. januar, 10. februar, 24. februar, 9. mars, 6. april, 20. april, 18. mai

Dåpsskule

Undheim for barn fødte i 2008 og 2009 (første og andre klasse). Fire samlingar rett etter skuletid.
Dåpsskulen vert avslutta med gudsteneste i Undheim kyrkje 3. april. Invitasjon blir sendt ut

Hognestad og Lye

Dåpsskule for barn fødte i 2009 (første klasse)
Fire samlingar rett etter skuletid eller på kveldstid
Dåpsskulen vert avslutta med gudsteneste i Time kyrkje 13. mars
Invitasjon blir sendt ut

Bryne og Rosseland

Dåpsskule for barn fødte i 2009 (første klasse)
Fire samlingar rett etter skuletid i februar og mars
Dåpsskulen vert avslutta med gudsteneste i Bryne kyrkje 13. mars
Invitasjon blir sendt ut



Tårnagenthelg i Time kyrkje

30. og 31. januar blir det tårnagenthelg i Time kyrkje for barn fødte i 2007 (3. trinn). Invitasjon blir sendt ut

Tårnagenthelg i Bryne kyrkje

Fredag 15. januar kl 1600-20.30 og søndag 17. januar kl 1100 blir det tårnagenthelg i Bryne kyrkje for barn fødte i 2007 (3. trinn). Invitasjon blir sendt ut

Undretur i Bryne kyrkje

Tysdag 19. januar kl 1700-1800 blir det undretur i Bryne kyrkje for barn fødte i 2013. Invitasjon blir sendt ut

Undretur i Time kyrkje

Laurdag 16. januar blir det undretur i Time kyrkje for barn fødte i 2013. Invitasjon blir sendt ut.



Familiefokus 10 år

Bileta er frå Familiefokus i Brynekyrkja

Bryne kyrkjelyd har hatt gudstenestearbeid - Familiefokus - på Rosseland i 10 år. 27. september feira dei jubiléum i Bryne kyrkje. Mange gode minne dukka opp under kyrkjekaffien.

Då var det duka for bursdagfest, og det var sjølvsgatt fisking i trappa, sukkerspinn, hoppeslott, figurballongar og mykje kake til store og små. Under gudstenesta fekk kyrkjelyden blant anna helsing frå tidligare kyrkjelydsprest Leif Oscar Reiestad, som no er sjømannsprest i Spania. Løva hadde helsing frå både Jungelkoret og born i kyrkjelyden, som set pris på at dei har ei gudsteneste kor ungane bestemmer. For på Familiefokus er det fleire born enn vaksne som er i sving når vi feirer gudsteneste. Det likar vi.

Vi ønskjer at barna skal få vera deltakande og involverte i gudstenesta. Vi ønskjer at det skal vera deira gudsteneste. Tysdagen før vi har Familiefokus er det ei eiga gudstenestegruppe for barn som møtest kl 13.30 i kyrkja for å planlegga gudstenesta. Dette kallar vi for "Familiefokus etter skuletid".

I haust har vi hatt Familiefokus i Bryne kyrkje som ei prøveordning. Etter godt gudstenesteoppmøte og mange gode tilbakemeldingar, har gudstenesteutvalet valt å gå for dette som ei



fast ordning. Vi gler oss til ein spanande vår med Familiefokus i Brynekyrkja.

Velkomen til Familiefokus i Brynekyrkja våren 2016: 17.01 | 07.02 | 06.03 | 24.04 | 22.05

ADVARSEL: Fare for at vaksne også likar gudstenesta veldig godt!

Bjørn Inge Hauge



Mia Mossige Bjånes likar seg i hagen på Mossige. Den er fargerik og flott også i november

Jula i min barndom

Mia Mossige Bjånes er oppvaksen på gard på Mossige i Time. Ho vart utfordra til å skriva litt om si barnoms jul i Helgedagen. Ho er pensjonist og bur på Mossige. – Jula er annleis nå, men gleda er den same, meiner ho.

Før jul var det mykje som skulle gjerast. Om hausten hadde Frida Helland vore her i to dagar og baka flatbrød og lefser. Dei vart steikte på ei stor vedfyrt bakstehelle.

Arbeidet gjekk føre seg i Bronnhuset på dugnad, og alle på garden var med. Slaktaren kom og slakta grisen. Me ungane stod og såg på og tykte at det var ein heilt naturleg ting. Tilla kom frå Undheim og vaska tak og vegger, pussa og skurte. Gardinene vart vaska - alt skulle vera reint og skina til jul.

Mor laga persesylte av grisehovud og kalvekjøt, og sydde rullepølser. Ho baka småkaker, Mor Monsen, laga Delfiakake og smurte lefser som ho koka gome til. Eg hjelpte til etter fattig evne, og vart så åtvare mot det kokande feittet me steikte smultringane i at eg aldri har laga dei sjølv. På ein gard måtte livet gå sin gang sjølv om det var jul, men juletreet stod og lyste kvar dag og minna oss på høgtida. Me hadde ikkje bil og kom oss ikkje til kyrkje, men radioen stod alltid på når det vart sendt gudsteneste.

Sjølve juledagane var mest som vanlege søndagar, bortsett frå all den gode maten. Julafta hadde me risgraut om dagen, og anten smalaføter og mølje om kvelden, eller kjøt. Far hadde sytt for juletre som me ungane pynta. Englane og julekulene var dei same i alle år, og stjerna i toppen vart både skeiv og skakk med tida.

Gåvene som låg under treet vart opna etter maten. Det var

vel helst mjuke pakkar, men eg hugsar nokre: Mor hadde sydd nye dyne- og putetrekk til dokkevogna som ho hadde gøymt bort, og nye klede til dokka. Så glad eg vart då ho kom trillande inn med vogna på julafta! Den andre var ei øskje med eggeglas i mange forskjellige sterke fargar frå tanta mi på Tysnes. Glasa var knuste i sendinga, men det gjorde ingenting for meg, og eg minnest ennå med glede dei strålende fargane. Farmor gav alle barnebarna 100 kroner kvar til jul, men me kom aldri på at me kunne bruka dei. Bror min og eg tok dei med til skulen og ga dei til lærarina, Anna Fotland Undheim, som sette dei inn i Time Sparebank for oss.

Far gav aldri julegaver, og det har eg høyrte frå andre og, at det tok konene seg av. Det var også mor som skreiv julekort og brev til familie og vener. Heile året var det spanande når posten kom - Ikkje berre med aviser og rekningar som no, men med handskrivne brev og kort, kanskje med svar på brev me hadde sendt til nokon. Etter krigen fekk me vakre kort frå Amerika, heilt annleis enn krisekorta me var vane med.

Før jul var det julefest på skulen på Tunheim. Me gjekk i ring gjennom dei to skulestovene, lærarrommet og gangen. Ein gong då der var snø og måneskin i romjula, køyrde me til kapellet på Undheim på julefest med slede og Ola hest. Etter gang rundt treet i mange ringar og festtalen, kom dei som stelte til opp frå kjellaren med store sinkstamper mellom seg, fulle av kvite papirposar som dei delte ut. I dei var det kakemenn og anna etande.

Var jula gildare før? Nei, men annleis. Livet har nok vorte meir hektisk, men gleda ved å gi kvarandre gaver og å vera saman med våre er den same. Og i kjøpesentra spelar dei julesongar i vekevis og minner oss om at det er Jesus sin fødselsdag me snart skal feira.

Mia Mossige Bjånes

Takk Kari, velkommen Inger-Kathrine!



Kari Waldeland Ødegaard



Inger-Kathrine Fossdal

25. september takka Kari Waldeland Ødegaard av etter trufast teneste på Time kyrkjekontor. I meir enn ti år har ho vore kontoret sitt ansikt og stemme i møte med folk. Den som kom til kontoret, fekk møte Kari sitt opne smil, og den som ringte, møtte hennar blide stemme. Me takkar Kari for hennar innsats og ønskjer henne lukke til på servicetorget i Hå kommune.

3. november hadde Inger-Kathrine Fossdal sin første arbeidsdag på Time kyrkjekontor. Inger-Kathrine er frå Sandnes og bur på Nærbø saman med mann og barn. Ho har i mange år vore lærar i ungdomsskulen og har nå jobba i Sandneskyrkja. Ho er oppteken av kyrkjelyd og musikk, og ho syng i gospelkor. Me gled oss til å samarbeida med henne. Velkommen!

Gunnar Frøyland

Takk og velkommen til soknerådsmedlemmar

Ein **STOR TAKK** til alle de soknerådsmedlemmar som har vore med i soknerådet i siste periode.

Takk for den innsatsen de har gjort, og der de gjennom denne har vist dykkar iver for kyrkjelyden, evangeliet og vår Herre, Jesus Kristus. Må Gud velsigne kvar og ein av dykk.

Eit **STORT VELKOMMEN** til dykk som er nyvalte eller blir med ein runde til i soknerådet.

Håpar de finn stor glede og mening i å vere med i dette viktige organet. Også i denne perioden vil det verte mange store og til tider krevjande oppgåver og utfordringar å ta stilling til. Me ber om at Gud ved sin Heilage Ande både rettleier oss og gjer oss naudsynt klokskap. De har ein fantastisk moglegheit til å arbeide

vidare for at dykkar kyrkjelyd og heile Jæren prosti kan vere tydeleg misjonar og diakonal. I denne oppgåva står me saman, de tillitsvalte i sokneråda, de frivillege og alle me tilsette, i det me likar å kalle «Team Jæren prosti». Me har utfordringar med minkande dåpstal, og dermed misser me også kontakt med unge familiar. Me vil difor saman arbeide vidare med den viktige trusopplæringsoppgåva, både for born og vaksne, arbeide for å ha gode og inkluderande gudstenester, og heller ikkje gløyme det viktige diakonale arbeidet.

Må Gud velsigne kvar og ein av dykk.

Mvh. Kjell Børge Tjemsland
Prost, Jæren prosti

Nye soknerådsmedlemmar:

BRYNE:

1. Ola Undheim
2. Olaug Bekkeheien
3. Leif Christian Harboe
4. Kjell Ragnar Thu
5. Inger Bakke Berge
6. Steinar Espevik
7. Hilde Hanevik
8. Asbjørn Svendsen
1. vara Stein Arild Boi Pedersen

TIME:

1. Willy Finnbakk
2. Karin Lima Friestad
3. Jostein Stokka
4. Jorunn M. Ueland
5. Astrid Ree Aanestad
6. Amund Undheim
1. vara Oddvar Byberg

UNDHEIM:

1. Kari Nina Skare Siqveland
2. Ivar Risa
3. Hanna Tveiten
4. Hanne Brit Sandmark
5. Silje Hegelstad Undheim
6. Gunnar Undheim
1. vara Astri Fjermestad Eikeland



ansikt til ansikt

Kveldsgudstenestiserie 2016

24 januar
ansikt til ansikt med humanismen
Dag Folkvord i Jæren HEF
Musikk ved gruppa Celtic Fog

21 februar
ansikt til ansikt med flyktningar iblant oss
Bryne kompetansesenter
Multikulturell musikk

Skjærtorsdag 24 mars
ansikt til ansikt med Jesus, tenaren som gjev livet sitt
Gunnar Frøyland
Instrumentalmusikk



24 april
ansikt til ansikt med kultur i endring
Haakon Kessel
Musikk ved Marianne Røise Lygren
og Ingvar Lygren

22 mai
ansikt til ansikt med det religiøse Norge
Dialogprest Kian Reme

Alle kveldsgudstenester startar kl.19, har stille tid med lystenning, bønnestasjonar og nattverd

Bibeldagen 2016: Biblar til flyktningar i Ukraina

Bibeldagen 2016 blir feira 24. januar

Krigen aust i Ukraina har drive meir enn ein million menneske på flukt. Mange har mista nokre av sine næraste. Midt i denne situasjonen søkjer stadig fleire til kyrkjene, og etterspurnaden etter biblar er stor. Det ukrainske bibelselskapet arbeider for å gje biblar til alle som lid under krigen.

«Desse biblane endra landet vårt» seier kyrkjeleiarar i dag om dei fire millionar blå barnebiblane som Bibelselskapet spreidde i Ukraina i 1990-1993. No kan vi på nytt vera med og gje dei kristne i Ukraina biblar, i ei tid som er like avgjerande for landet som for 25 år sidan.

Borna på biletet er flyktningar frå ein barneheim i Mariupol. For tre månader sidan fekk dei barnebiblar frå Det ukrainske bibelselskapet, og no har dei lese gjennom alle bibelforteljingane. På Bibeldagen 2016 kan vi få vera med og gje fleire flyktningar ei handsrekning i ei vanskeleg tid.

Me kan lesa meir om Bibeldagsprosjektet på nettstaden www.bibeldagen.no.



Gåvene som blir samla inn til bibelarbeidet i Ukraina, skal gå til:

- Biblar til flyktningar frå Aust-Ukraina
- Bibelutgåver for ungdom
- Barnebiblar til barneheimar i aust
- Biblar til born og ungdom med kreft etter Tsjernobyl-ulukka i 1986
- Nytestamente i stor skrift til aldersheimar

Gåvekontonummeret til Det Norske Bibelselskap: **3000.16.16869**

FEST I GUDS HUS

Søndag 13. desember vert det ei høgtidstund i Bryne kyrkje. Då skal Adventsmessa, tekst av Eyvind Skeie og musikk av Geir Knutson, tona i det flotte kyrkjeromet.


*Ennå er det advent. Ennå er vi her
Ennå må vi vente. Frelseren er nær
Ennå lyser stjerner for vår vesle jord
Ennå flammer håpet dypt i den som tror*

Eyvind Skeie skriv i føreordet at advent og jul er den delen av den kristne årstradisjonen som framleis har kraft og innverknad på folket vårt, men at det er klare tendensar til at at denne høgtida vert svekka. Julefeiringa kan ha ein tendens til å skyggja for adventsmotiva, slik at førebuingstida kan verta borte. I denne messa er det difor adventstradisjonane som vert vektlagde. Gudstenesta er bygt opp rundt viktige symbol og adventstekstar.

*Ennå har vi timer. Ennå kan vi be.
Vær vårt lys, å Jesus! La det gode skje.
Du som er vår Frelser, du, Guds Sønn, vår bror,
hjelp ditt folk i verden og velsign vår jord!*

Dette er 5. gongen adventsmessa vert framført her i kyrkjene våre i Time, første gong i 2007. I år, som i fjor, er det Brynekyrkja og Bryne Misjonsmenighet som går saman om gjennomføringa. Aktørane er barnekoret Kor Bra, blandakoret Jærklang, orgel og blåsarar, songsolistar og dansarar frå Time kulturskule. Kom i Brynekyrkja denne søndagsføremiddagen, og få med deg adventbodskaen i ord og tonar. Eg kan lova deg ei rik oppleving...!

AV



Kor Bra

frå Misjonskyrkja

Blandakoret

Jærklang

Orgel og blåsarar

Songsolistar
og dansarar
frå Kulturskulen

**Adventsmessa
Fest i Guds hus**

Bryne kyrkje søndag 13.des kl.11

Arr. Bryne misjonsmenighet og Brynekyrkja

Velkommen!



Jæren SolistEnsemble

- vokale perler fra et klassisk skattkammer

lørdag 31. oktober kl. 18.00: ÅLGÅRD KIRKE

- billetter: 200/50 selges ved døren

lørdag 19. desember kl. 18.00: BRYNE KYRKJE

- billetter: 200/50 selges ved døren

- vi synger julen inn

BRYNE KIRKE 18. DESEMBER KLOKKEN 19.00

BRYNE STORBAND
MED BRITT-SYNNØVE JOHANSEN




**EN LITT ANNERLEDES
JULEKONSERT**

Sammen med Britt-Synnøve Johansen har vi plukket en knippe stemningsfulle julesanger fra «over there» og kombinert dem med noen av de beste låtene fra storbandenes glanstid.

BILLETTER KJØPER DU PÅ BILLETTSERVICE.NO OG HENTER PÅ NARVESEN/7-ELEVEN
ELLER KONTAKT OSS PÅ TELEFON 976 93 096/982 12 510
PRIS: NOK 250,- + AVGIFTER • FØLG OSS GJERNE PÅ FACEBOOK.COM/BRYNESTORBAND!

Bryne kyrkje:

Julekonsert
Vibå Bondebrass

12. desember - kl 1900



Vibå Bondebrass blei i fjor oppretta som eit prosjekt samtidig som ein kunne jobbe med rekrutteringa i Frøyland, Lye og Undheim og Eikeland skulekorps, og frå hausten 2015 har også musikantar frå Rosseland og Bryne skulekorps vore med.

Arfon Owen, dirigent, organist, hornist og Yamaha-artist deltek, og **Rob Richardson**, barytonist i Fairey Band frå England og Sterling Artist er solist.

Det blir både allsang og tradisjonell julemusikk. Det vil og vera mindre grupper som spelar stemningsfull musikk.

Billetter 100 kr for vaksne og 50 for barn. Skulekorpsmusikantar går gratis.

Inntektene frå konserten vil gå til å støtte korpsets tur til Wales sommaren 2016

Blandakoret
VIVACE

Julekonsert
med
Blandakoret Vivace
Bryne kyrkje
Søndag 20. desember
kl 19.00



"Søndagstreff" Bryne kyrkje

KI 1800: Ringleik & allsong + kaffi & drøs i peisestova i
KI 1900: Gudsteneste i kyrkjesalen
Søndag 6. desember
Søndag 17. januar
Søndag 7. februar
Søndag 13. mars

Arrangementet er tilrettelagt for menneske med utviklingshemming

Misjon blant jøder

Israelsmisjonen i samarbeid med bl. a. Bryne kyrkjelyd

Bryne kyrkje, Time kyrkje, Varhaug kyrkje

Jorunn Andestad Langmoen, ass.gen.sekr
 Evy-Gunn Knotten, reisekonsulent
Lørdag 16. januar Bryne kyrkje
 kl 1200 – 1400: Miniseminar med tema om forsoningsarbeid og evangelisering

Søndag 17. januar

kl 1100 Gudsteneste i **Time kyrkje** (Jorunn Andestad Langmoen deltar)

kl 1100 Gudsteneste i **Varhaug kyrkje** (Evy-Gunn Knotten deltar)

kl 1800 **Bryne kyrkje**. Kveldsmøte med tema knyttet til israelsmisjon
 Sang: Vitne
 Misjonsinformasjon
 Det blir enkel servering
 Offer til evangelisering blant jøder
 Evangeliet skaper fred med Gud og fred mellom menneske



Minnegudsteneste i Time kyrkje

Søndag 10. januar 2015
 kl 1900

Minnegudsteneste i Time kyrkje

Vi vil minnst dei som døydde frå oss og blei gravlagde i Time i året 2015. Namna blir lesne opp og det blir tent lys. Gunnar Frøyland og Marit Høie Hetland leiar samlinga. Songgruppa Shalom blir med

*Gudstenesta er open for alle
 Velkomen!*

Strålende Jul

EN KONSERT TIL INNTÆKT FOR IDAS HJELPEFOND
 08. DES 2015 KL: 19:30 | BRYNEKYRKJA | BILLETT 325,-



Julemesse Bryne kyrkje

laurdag 28. november 2015

Salsmesse kl 1100

Andakt ved Randi Liestøl Thu
 Sang av Jungelkoret
 Kulturskuleelevar deltek
 Film, hoppeslott og aktiviteter for barn
 Sal av handarbeid, dekorasjonar, småkaker, mat m. m.
 Kafé og åretrekning

Fest for heile familien kl 1800

Tale av Heidi Strand Harbo
 Sang og musikk av Gjesdal Juleensemble
 Kulturskuleelevar deltek
 Film, hoppeslott og aktivitetar for barn
 Åretrekning og hovudtrekning
 Kaffi, smørbrød og kaker
 Inntektene går til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkja og kyrkje-lyden sitt misjonsprosjekt i Den Norske Israelsmisjon

Bryne sokneråd



Julemesse Undheim kyrkje

laurdag 5. desember 2015

kl 1100

1100: Opning. Andakt av Klaus Muff. Song av "De Kor". Musikk av Saksofongruppa

1330: Familiemøte med årsal og hovudtrekning. Andakt av Sofie Braut. Song av Hognestad barnekor.

Sal av handarbeid, småkaker, grav- og dørpynt m.m.

I kyrkjekjellaren sel me risgraut, kaker og kaffi. Årsal: Juledekorasjonar, kaker og fruktkorger.

Vel møtt til julemesse!

NMS- foreningane i Time

AKTIVITETEN På SARON

Annenhver torsdag 1900 – 2100

3. des, 14. jan, 28. jan, 11. feb, 25. feb, 10. mars

Alder: Fra 6. klasse

Modellfly, simulator, radiostyrte biler, og elektro byggesett
 Pizza, Andakt

Misjonsambandet



Strikkekafe

på Lye forsamlingshus

«ikkje bare for dei med strikketøy»

Strikkekafeen er for damer i alle aldrar. Ta gjerne med strikketøyet eller eit anna handarbeid og få inspirasjon eller kan henda litt hjelp, *men det er absolutt lov til å koma bare for å drøsa.*

Det blir "kafé" med sal av litt mat og det blir ei lita utlodding.

21. jan, 25. feb, 10. mars: kl 1930

Sjå eiga Facebook-side for kafeen:

<https://www.facebook.com/StrikkekafePaLye>

Julegudstenester på Svidamheimen og Bryneheimen

Julaften er det kvart år gudstene-
 star på helse- og omsorgsinstitus-
 jonane:

Kl 10:00 Bryneheimen

Kl 11:00 Svidamheimen (NB: Merk, ny stad)

Program: Gudsteneste v/ Dag Øivind Østereng, song og musikk. Personalet på avdelingane har ofte ikkje høve til å bli med, og det kan for mange vere godt å få hjelp og fylgje. Vi oppfordrar familie og vener til å delta saman med bebuarane.

Alle som bur på Svidamsenteret, i heimane eller andre stader er også hjarteleg velkomne.



Heilage tre kongars fest på Saron søndag 3. januar kl 1900

Tale av Rune Restad: Kva skjer på dei tradisjonelle misjonsmar-
 kene?

Anne Lise Matre: Oversettingsar-
 beid, om boka si, evangelisering
 Sang: Con Brio
 Servering - Misjonsgave

Det Norske Misjonsselskap



Torsdagstreff Våren 2016

Triveleg samvær 3. torsdagen i mnd.
 for målgruppa +/- 60

21/01 | 18/2 | 17/03 | 21/04



På tide å sjå litt nærmare
 på dei **STORE** spørsmåla?



Alpha-kurs på Lye forsamlingshus våren 2016

7. februar kl 19 Alpha-fest
 23. februar kl 19 Oppstart Alpha-kurs (10 veker)
 Alpha-kurset er for alle som er interesserte i å oppdage kva kristen tru handlar om. Her kan du slappe av, ete god mat, dele dine tankar og utforske meininga med livet.

Kontakt/påmelding: si@time-kyrkja.no,
lyeforsamlingshus.no, tlf. 46698050

<p>AutoMester[®] bilverkstedkjeden</p> <p>JAN REIME BIL & KAROSSERI AS 4340 BRYNE, Hålandsveien 37 Tlf: 51 48 12 00</p>	<p>ave SYSTEMER</p>	<p>aktiv.</p> <p>Skal du selge bolig? Aktive meglere lønner seg!</p> <p>Kontakt Aktiv Eiendomsmegling Jæren på 51 77 80 00 / bryne@aktiv.no</p> <p>Vi meglar frem dine verdier www.aktiv.no</p>
<p>La oss ta hele badet Ring 51 77 91 91, og be oss ta hånd om alt fra tegning til ferdig, nytt badrom. Les mer på www.byggelaget.no</p> <p>Byggelaget</p>	<p>JÆRKOCCEN HEINE GROV</p> <p>Smørbrød, kaker og elles mat til alle anledninger. Alt er handlaga. Tlf. 977 64 833 Sjå www.jærkokken.no og facebook</p>	
<p>VB Bryne Rør A/S</p> <p>Vesthagen 9, Håland, 4344 Bryne</p>	<p>EL-TEAM Elektroentreprenør</p> <p>Morenefaret 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40 E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net</p>	<p>jæren sparebank</p>
<p>FAGBUTIKKEN MED SERVICE MALING BELEGG TEPER TAPETER GRUPPETEPER LØPERE SOLSKJERMING</p> <p>Apent: 9-18 (14)</p> <p>FARGERIKE ROSLAND KÅSEN • BRYNE • TLF. 51 42 60 15</p>	<p>Jær Tannlegene Heidi Bø Honningsvåg</p> <p>Jaertannlegene.no 5148 4800</p>	<p>Johansen Elektriske as</p> <p>Postboks 510 - 4349 Bryne Tlf: 51 48 01 01</p>
<p>Rogalandshus</p>	<p>MØBELRINGEN I. Bjørnsen A/S</p> <p>Jærv. 250,4340 Bryne - 51 78 50 20</p>	<p>PB PIZZABAKEREN™ Pizzabakeren Bryne, 47 70 77 00</p>
<p>BYGG MESTER</p> <p>JENS GERLACH SØRENSEN A-S</p>	<p>BYGGMESTER</p> <p>HERSDAL AS Alt i nybygg, påbygg og rehabilitering Mobil 908 55 625</p>	<p>Kverneland Bil Vi tar ansvar!</p> <p>Eskervegen 7, 4341 Bryne • Tlf. 51 77 82 82 Reevegen 11, 4340 Bryne • Tlf. 51 77 16 10</p>
<p>BØRGE UNDHEIM A/S KYLINGOPPDRETT</p> <p></p> <p>Litlaundheimsvegen 135 4342 Undheim Tlf 51 48 89 00</p> <p>Opp til 18 veker gamle kyllingar kan leverast heile året</p>	<p>haver</p> <p>Haver Advokatfirma Ans Øgårdsbakken 3, Bryne telefon 51 77 00 50</p>	<p>BESTILL HUSKATALOGEN</p> <p></p> <p>AKTUELT OM DET SOM BETYR NOE</p> <p>misjonstidende</p> <p>BoligPartner Tlf: 51 77 19 60 bryne@boligpartner.no www.boligpartner.no</p>



Jul på Lye

Velkommen til julespelet

“Jul på Lye 2”
- Nytt manus i år!

Søndag 13. desember kl 16 og 18
I Aulaen på Lye skule

Medverkande:

- Lye Barnespel og Agape
- Teknikarar frå Lye Forsamlingshus
- Barn, unge og vaksne frå Lye

Dramainstruktørar:
Kjersti Skjæveland, Sigurd Idland
Koreograf: **Tonje Kallhovd**
Songar: **Ragnhild Hanssen**
Manus og regi: **Sigurd Idland**

Pris:
Vaksne kr 100. Barn kr 50.
Familie kr 200.



Jungelgjengen
Våren 2016

Les meir om søndagsskulen på
www.brynekyrkja.no/jungelgjengen

Bryne Kyrkja



Jungelkoret
Våren 2016

Annankvar torsdag kl. 17:15

Les meir på facebook.com/jungelkoret
brynekyrkja.no/jungelkoret

Bryne Kyrkja

Bryne 9:13
Haust 2015 | Vår 2016

For alle i 4 - 7. klasse. Torsdagar kl. 17.30-19.30
3.12 | 21.01 | 4.02 | 17.03 | 14.04 | 26.05
www.brynekyrkja.no/9-13

Bryne Kyrkja

Speidaren
Våren 2016

Les meir på brynekyrkja.no/speidaren og på
brynespeider.no

Bryne Kyrkja

		 <p>Graving – Transport – Singel – Grus – Solla jord</p>
	<p>KLAR FOR OPPDRAG AV ALLE SLAG</p> <p>ROY FRODE MONGE 90 11 66 41 rfm@rogenes.no</p> <p>ODD KÅRE RØGENES 90 94 01 80 okr@rogenes.no</p> <p>BYGGMESTER RØGENES & Co A/S</p> <p>FAGKUNNSKAP GIR TRYGGHET</p>	<p>VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS</p> <p>ek Glassmesterforretning Einar Knutsen as</p> <p>Postboks 149, 4349 Bryne</p> <p>TLF. 51 48 02 11. DØGNSERVICE 971 78 180</p>
 <p>når resultatet er viktig</p>	<p>REMA 1000</p> <p>Håland 8-22 (9-20)</p> <p>Hognestadvegen 90 51 48 79 02</p>	<p>WACO</p> <p>Forsikringsmegling as</p>
<p><i>Bogh Hafsv a/s</i></p> <p>TOYOTA</p> <p>Fossveien 3, 4373 Egersund tlf. 51461700 www.toyotaegersund.no</p>	<p>FreteX Butikksalg</p> <p>Meierigata 17, 4340 Bryne Tlf. 51 48 56 50 www.fretex.no . Opningstider: man/fre kl 10.00 - 18.00 lørdag kl 10.00 - 15.00</p>	 <p>JÆREN HOTELL</p>
<p>Koinonia</p> <p>BØKER, GAVER, LEKER OG INNRAMMING</p> <p>Brynesenteret – Storgata 40 - 51486520</p>	<p>NMS Gjenbruk på Bryne</p> <p>Parken Senter (tidlegare postlokala) Inngang ved hjørnet til Saronsbråtet og Meierigata tlf. 951 06 028</p> <p>Opningstider: mandag/fredag 10.00-17.00 laurdag 11.00-15.00</p>	
<p>Sjekk Punkt</p> <p>BILVERKSTED</p> <p>www.sjekkpunkt.no 4000 6447 LYE BIL AS</p>		
<p>JÆREN MISJONS RADIO</p> <p>Nærradioen med godt nytt</p> <p>Trygghemsvegen 13, 4365 Nærbø, Tlf.: 51 43 32 22</p> <p>Sender på FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9 www.jmradio.no</p> <p>Sendetider Mandag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00 Tirsdag: 08.30 - 09.00 Onsdag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00 19.30 - 21.00 Torsdag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45 Fredag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45</p> <p>Jesus Kristus er i går og i dag den samme, ja til evig tid. Hebr. 13,8.</p>		 <p>BLIFADDER!</p> <p>www.blifadder.no ☎ 22 94 26 00 misjonsalliansen</p>

Høgsesong for song og musikk



Foto: Kristian Konstali

Travel tid for organisten

Ingen tvil om at førjulstida er ekstra travel for organisten. For dei fleste av oss er organisten ho eller han som spelar orgel til gudstenester, bryllaup og gravferder. Me tenkjer lite over kva som ligg bak av øving og anna førebuing rundt dette. Organisten må vera konsentrert når han skifter fingrar på tangentane, og bruker hæl og tå på pedalane. Vert det gjort feil, høyrer alle det. Og han må kjenna framdrifta i programmet til minste detalj. Når det er ekstra musikkrefter som deltek, som på advents- og julemesser, krev dette mykje planlegging og øving.

Organisten i Bryne Kyrkje, Per Olav Egeland, er klar for ei travel advents- og juletid.

– Ja, desember er høgsesong for konsertar, seier han til Helgedagen. – Folk forventar at mykje skal skje på musikkfronten. Og i år, som i fjor og tidlegare år, vert det strålende juletonar med gode musikk- og songkrefter.

Per Olav fortel at mange vil nytta kyrkja til konsertar i denne tida. Han er kontaktperson og ansvarleg for utleige av Bryne kyrkje. Og han syter for at kunstneriske krefter blir med på til dømes adventsmesser og andre julearrangement i kyrkjelyden. Lista over musikalske godbitar i Bryne kyrkje er lang. Adventsgudstenester, julegudstenester og konsertar er annonserte eller omtalt andre stader i Helgedagen. Per Olav nemner spesielt at gudstenestene første og tredje søndag i advent bør bli flotte opplevingar.

Det er Lysmessa 29.november og Adventsmessa, Fest i Guds hus, 13. desember.

- Og så skal me gjenta suksessen frå i fjor med konserten, Strålende jul. Då stiller lokale artistar opp til inntekt for Idas Hjelpfond. Det blir 8. desember.

- Eg gler meg også til dei tradisjonelle julevandringane med barnehagane i den første adventsveka. Då kjem barna i små grupper og alle får roller i juleforteljinga, fortel Per Olav. På julafta blir det som vanleg 3 gudstenester i Bryne Kyrkje, på alle er det musikalske ekstrakrefter. I tillegg er det gudsteneste på Sivdamsenteret og Bryneheimen. På høgtidsgudstenesta første juledag har det dei siste åra vore flinke songarar og instrumentalistar som har bidratt med nytt og gamalt frå det klassiske repertoaret. Per Olav trur ei slik gruppe vil bidra til glad høgtid også i år.

RT



Fredfull jul

Julafta 1951 heime hos Anna og Martin Time på Oma i Time. Bildet er med i bokverket Time Gard og Ætt, bind II. Dei tre sønene er: Magnar til venstre, Kjell sit på golvet og Karl står bak.

Gjevarteneste

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne, kto.nr. 3325.25.07057
Trusopplæringa i Time kto.nr. 3325.39.13407
Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste ungdomsarbeidar, Undheim kto.nr. 3325.21.55657
Undheim kyrkje - gåver kto.nr. 3325 25 08959
Frøyland-Orstad kyrkjelyd, kto.nr. 3290.60.44179
Kyrkjebygg Frøyland-Orstad kto.nr. 3325.25.09270
Ungdomsarbeidar på Lye kto.nr. 3325.25.04260
"Vi gjev" - diakonalt arbeid i Time kto.nr. 3325.21.30859
Stikk innom vår heimeside http://www.time-kyrkja.no



Erling J. Pettersen

Håpsbarnet

For noen år siden satt presten og salmedikteren Eyvind Skeie i vår stue på en førjulssamling og hadde med seg en salme han hadde oversatt, og som nå er kommet med i vår nye salmebok:

*Solbarn, jordbarn, bak din tynne hud
stråler mot oss kjærlighet fra Gud.
Hør oss, se oss,
Stjernebarn stig ned,
så jordens barn i alle land
finner julens fred.*

Det har ikke tatt lang tid for denne salmen å bli kjent og sunget over hele landet. Kanskje nettopp fordi den går rett inn i en av de grusomste periodene for forsvarsløse barn som vår verden har opplevd i nyere tid. Krisen i Middelhavet er mer enn tall i en flyktingestatistikk. Det handler om de barna salmen omtaler i vers 2:

Flykting, krigsbarn, hjemløs og forlatt, misbrukt, skadet i den dype natt.

For mange av oss ble bildet av treåringen Aylan fra Syria, som gikk verden rundt tidlig i høst, det som ga støtet til en ny dugnadsånd for å ta imot flyktinger fra dødsreisene over Middelhavet. Den døde gutten på stranden har en

liten, rød skjorte på seg. Olashorts. Små svarte barnesko. Lys hud. Han ligger der med ansiktet ned i sanden på en strand kanskje mange av oss har vært på i våre bekymringsløse ferier.

I møtet med dette bildet, symbolet på den moralske krisen Europa befinner seg i, får jeg lyst til å be oss alle la salmens refreng bli vår daglige adventsbønn: Hør oss, se oss, Stjernebarn stig ned, så jordens barn i alle land finner julens fred.

Og min oppfordring er enkel: bli med i den felles dugnad for å åpne dørene våre, hjemmene våre, grensene våre for barn og foreldre på flukt fra en krig som overgår det vi kjenner til av meningsløs vold og terror.

Og jeg takker Eyvind Skeie for at han har gitt Shirley Erena Murrays engelske tekst en så sterk oversettelse, og lar salmens siste vers være min advent- og julehilsen: Håpsbarn, fredsbarn, Barn fra evighet, Vis hvert jordbarn himlens herlighet.

Velsignet advents- og juletid!

Erling J. Pettersen

Stavanger biskop

Ynskjer du nokon å snakke med?

Du er velkommen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.

Sokneprest Gunnar Frøyland (Time) tlf. 51 77 03 75 / 958 73 847
Sokneprest Stein Ødegård (Bryne) tlf. 51 77 03 71 / 911 57 105
Sokneprest Dag Øivind Østereng (Undheim) tlf. 41 65 98 93
Diakon Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039
Diakon Ingelin H Norbakken tlf. 48 19 03 18



Støttegruppe ved samlivsbrot

Det finst tilbod om å delta i samtalegrupper etter samlivsbrot. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med diakon på diakon@time-kyrkja.no eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 74



Bryne
Kto. 3325.20.11906

Juleevangeliet

Luk 2,1-20

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei

glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

*«Ère vere Gud i det høgste, og fred på jorda
blant menneske Gud har glede i!»*

Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunnegjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrde på, undra seg over det gjetarane fortalde. Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrte og sett; alt var slik som det var sagt dei.



Det litt muntre hjørne:

Løysing HelgeKryssord-4/15

H	A	U	S	T	D	A	G	A	R
E	T	T	E	R	R	A	K	S	T
S	M	A	L	E	A	N	A	O	O
J	O	N	A	S	A	E	R	R	R
E	S	F	R	I	P	S	T	A	G
T	F	O	T	N	O	T	A	N	E
R	Æ	R	S	N	L	A	T	E	T
Å	R	S	M	E	L	D	I	N	G
D	E	B	I	T	O	R	A	N	E

Vi følgjer opp med kryssord (løysing neste nummer) og serverer ein "passande" vits:

Viktor var en gang i en butikk for å kjøpe et slips. Han ønsket seg et rødt, men det hadde ikke butikkeier Bjørn. Han kom med et blått slips som han gav Viktor.

- Du kan bare innbille deg at du har et rødt slips. Viktor tok i mot slipset og gikk mot utgangen.


- Hei, du har ikke betalt slipset, sa Bjørn.

Da kom det fra Viktor:

- Du kan bare innbille deg at jeg har betalt!

KAA

HelgeKryssord-5/15 av Gabriel Tengsareid



Vassrett

1. Perioden i desember
7. Ny
9. Småregn
10. Tid i desember
12. Høgtida
13. Gnagar
14. Kvinnenamn
16. Mobilmelding
17. Like bokstavar
18. Aluminium
19. Adverb
20. Utspent duk
21. Selen

Loddrett

22. Le
23. Slekta
25. Igjen
26. Smyga
27. Røysa
28. Dyra
30. Ha inntekt
31. Keltisk segnkonge
32. Bibeldel
1. Husdyrrase
2. Tre

3. Den...kalenderen
4. Skrika
5. Ulærd
6. Menneskeslekta
7. Same kva
8. Måten å gå på
10. Høgtidsdag
11. Einspent hestekøyrety
12. Høgtidspynt
15. Dyr
16. Uklare
24. Sjøplante
29. Areal



DØYPTE

BRYNE KYRKJE

06.09.15: Luca Lindahl, Lisa Orstad
13.09.15: Mia Gudmestad Aarre
27.09.15: Torvald Natterøy Thorkildsen
04.10.15: Lars Kongsvik Fotland, Karl Særheim Hustoft
18.10.15: Alina Thunheim, Oskar Anda Tengesdal, Mats Ree Hadland, Jorid Erga

TIME KYRKJE

12.09.15: Tobias Råberg Frantzen, Birk Breiland Serigstad, Noah Hetland
20.09.15: Sebastian Nylund, Matheo Mossige Serigstad, Ada Kvindesland
18.10.15: Caspar Salte Nybø, Emma Grødem, Gabriel Lykkebø Høyland, Mateus Wank-Hadland, Selma Wank-Hadland
24.10.15: Vette Riskedal Sunde, Ninette Dyngeland, Mica Lodding, Hedda Egeland Bakken, Bjørn-Håkon Haugstad, Andrea Bjelland

LYE FORSAMLINGSHUS

30.08.15: Susanne Bø Svindland

UNDHEIM KYRKJE

13.09.15: Thea Fuglestad Sikveland
27.09.15: Marius Undheim
25.10.15: Elisabeth Brumini Mellemstrand, Torjus Hognestad

BORN FRÅ TIME DØYPTE ANDRE STADER

09.08.15: Oda Lende Arnestad, Vereide kyrkje
30.08.15: Nora Sæland, Frøyland og Orstad
13.09.15: Kian Svalestad, Saron Bryne
04.10.15: Lukas Omdal, Ultein kyrkje
18.10.15: Nora Byberg, Frøyland og Orstad



VIGDE

29.08.15: Cathrine Baklund og Terje Tunheim
29.08.15: Tine Tjensvoll og Joar Østerhus
05.09.15: Ida Sørensen og Tom-Wilkin Martinussen
12.09.15: Jorunn Reve og Terje Øidvin
19.09.15: Kristine Taraldsvik og Fredrik Lofthaug
19.09.15: Monica Laksesvela og Tor Einar Kverme
26.09.15: Hilde Moi og Kjell Østebø
26.09.15: Anne Gjesdal og Per Undheim
03.10.15: Elisabeth Alvær og Joakim Herigstad
03.10.15: Kirsten Johanne Rygg Corneliussen og Rune Hallbjørn Jensen
17.10.15: Nina Aasheim Larsen og Steinar Knutsvik
17.10.15: Anette Bjørnløv og Årstein Taksdal



DØDE

Karl Rune Digernes, Jan Eidsheim, Ester Johanne Hope, Astrid Salte, Lars Bjørn Koløy, Jon Randulf Haugland, Astrid Malena Søyland, Andreas Eide, Kari Solberg, Astrid Kverneland, Solveig G. Kindervaag (gravferd frå Frøyland-Orstad kyrkje), Brit-Sidsel Fjermestad, Jenny Pauline Johansen, Elsa Serigstad, Johan I. Holm (gravlagt på Eiganes gravlund), Asger Hald Madsen, Gullbjørg Løge, Scarlet Thomsen (gravlagt på Varhaug kyrkjegard), Aslaug Garpestad

Begravelsesbyrå



Obed Bryne
Begravelsesbyrå
www.obed.no

tf: 51 77 80 80
24-timers vakttelefon
Skulegata 9, 4340 Bryne

Vegen tilbake til Gud

"For så elska Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!" Joh. 3,16

Bøn: Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn. Amen

Hvordan har du det...
EGENTLIG?

Krisetelefon 22 40 00 40
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no
SOS-Chat: www.soschat.no

Kirkens SOS
ET MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

3. GENERASJON BEDEMANN
Arild Aase

Aase
Begravelsesbyrå

Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102
24 TIMERS VAKTTELEFON

KROGEDAL
begravelsesbyrå

D Ø G N V A K T
51 97 29 00

Våre medarbeidere på Jæren
Runar Apeland, Borgny Å.Skretting og Brikt Goa
Kontor: Bryne og Sandnes og Stavanger

STEINAVDELING
GRAVMONUMENT
PLATER
www.krogedal.no

Søndag 22. november Domssøndagen

Lye forsamlingshus kl 10.30
Undheim kyrkjekl kl 10.30
Bryne kyrkje kl 11.00
Bryne kyrkje kl 19.00

Søndag 29. november 1. s. advent

Time kyrkje kl 11.00
Bryne kyrkje kl 18.00

Laurdag 5. desember

Time kyrkje kl 15.00

Søndag 6. desember 2. s. advent

Lye forsamlingshus kl 10.30
Undheim kyrkje kl 10.30
Bryne kyrkje kl 11.00
Bryne kyrkje kl 18.00

Søndag 13. desember 3. s. advent

Bryne kyrkje kl 11.00

Søndag 20. desember 4. s. advent

Bryne kyrkje kl 11.00
Lye forsamlingshus kl 16.00

Gudstenester jul, nyttårsafta og nyttårsdag står på baksida av bladet

Søndag 3. januar Kristi openberringsdag

Undheim kyrkje kl 10.30
Bryne kyrkje kl 11.00

Søndag 10. januar 2. s. i op.

Lye forsamlingshus kl 10.30
Bryne kyrkje kl 11.00
Time kyrkje kl 11.00
Time kyrkje kl 19.00

Søndag 17. januar 3. s. i op.

Bryne kyrkje kl 11.00
Time kyrkje kl 11.00

Laurdag 23. januar

Time kyrkje kl 15.15

Søndag 24. januar Såmannssøndagen

Lye forsamlingshus kl 10.30
Undheim kyrkje kl 10.30
Bryne kyrkje kl 19.00

Søndag 31. januar Kristi forklåringsdag

Bryne kyrkje kl 11.00
Time kyrkje kl 11.00

Søndag 7. februar Fastelavn

Lye forsamlingshus kl 10.30
Undheim kyrkje kl 10.30
Bryne kyrkje kl 11.00

Søndag 14. februar 1. s. i fastetida

Time kyrkje kl 11.00
Bryne kyrkje kl 11.00

Søndag 21. februar 2. s. i fastetida

Lye forsamlingshus kl 10.30
Undheim kyrkje kl 10.30
Bryne kyrkje kl 19.00

Søndag 28. februar 3. s. i fastetida

Bryne kyrkje kl 11.00
Time kyrkje kl 11.00

Matt 25,1-13

Gudsteneste. 4 års bok
Familiegudst. Dåp. 4 års bok. NT til 5. klasse
Gudsteneste m/ familiefokus. 4 års bok
Kveldsgudsteneste. Nattverd. Bønevandring

Matt 21,10-17

Gudst. Nattverd. Løvegjeng og Tårnløver
Lysmesse. Nattverd

Dåpsgudsteneste

Joh 16,21-24

Gudsteneste. Nattverd
Adventmesse. Nattverd. Søndagsskule kl 11.00
Gudsteneste. Dåp. Jungelgjeng
Søndagstreff. Arr. er tilrettelagt for menneske med utviklingshemming

Joh 5,31-36

Adventsmesse «Fest i Guds hus»
Felles for alle kyrkjelydane i Time

Matt 1,18-25

Gudsteneste Dåp. Nattverd. Jungelgjeng
Vi syng jula inn

Joh 12,42-47

Gudsteneste. Nattverd
Gudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng

Joh 1,29-34

Gudsteneste. Søndagsskule
Gudsteneste. Dåp. Jungelgjeng
Gudsteneste. Dåp
Minnegudsteneste

Joh 1,15-18

Gudsteneste med familiefokus. Nattverd
Gudsteneste. Dåp

Dåpsgudsteneste

Matt 13,24-30

Gudsteneste. Søndagsskule
Gudsteneste
Kveldsgudsteneste. Nattverd. Bønevandring

Luk 9,28-36

Familiegudsteneste. Dåp
Gudsteneste. Nattverd

Luk 18,31-34

Gudsteneste. Søndagsskule
Gudsteneste
Gudsteneste med familiefokus. Nattverd

Matt 26,36-45

Gudsteneste. Dåp
Gudsteneste. Dåp. Nattverd. Jungelgjeng

Luk 13, 22-30

Gudsteneste
Gudsteneste
Kveldsgudsteneste. Nattverd. Bønevandring

Luk 22, 28-34

Gudsteneste. Dåp. Jungelgjeng
Gudsteneste. Nattverd

Velkommen til
gudsteneste


Skyss til
gudstenesta

BRYNE KYRKJE:
Sverre M. Lima 51 48 21 33
Jonas Frøyland 41 30 04 68

Ring før kl 10.00



Til kyrkje - jul og nyttår



Jula er den store kyrkjehøgtida her i landet
I Time er det råd å koma til kyrkje mange gonger i julehelga

Julafta 24. desember

Bryneheimen kl 10.00
Sivdamheimen kl 11.00
Bryne kyrkje kl 14.15
kl 15.45
kl 17.00
Time kyrkje kl 14.30

kl 15.45
kl 17.00
Undheim kyrkje kl 14.30

Luk 2, 1–20

Gudsteneste
Gudsteneste. Kulturskuleelevar deltek
Familiegudsteneste. Jungelkoret
Familiegudsteneste. Bryne skulekorps
Gudsteneste. Solist
Familiegudsteneste. Klarinett: Sverre Frantzen. Song: Kaia Fosse og Randi Grødem. Løvegjengen ber inn julekrubba
Familiegudsteneste. Trompet: Glenn Rugland. Song: Judith og Ingeborg Aarsland
Gudsteneste. Song: Ane Søyland og Signe Iren Time
Familiegudsteneste. Undheim og Eikeland skulekorps.
Song av Jorunn Åshild Austrumdal Undheim og Tina Lode Jonassen

1. juledag 25. desember

Bryne kyrkje kl 12.00
Time kyrkje kl 11.00

Matt 11, 25–30

Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Songarar og instrumentalister
Høgtidsgudsteneste. Dåp. Trompet: Ragnhild Kvitvær.
Song: Elise Vinsevik

2. juledag – Stefanusdagen

Undheim kyrkje kl 10.30

Joh 16, 1–4a

Høgtidsgudsteneste. Dåp

Alle gudstenestene i jula er fylte av song og musikk. Me høyrer og syng dei kjende og kjære songane og får møta nyare songar med eit anna språk i tekst og tone.

Julafta er gudstenestene i Bryne og Time noko ulike. Dei to første er tradisjonelle julafta-gudstenester med barna i fokus. Den siste gudstenesta er meir til stille ettertanke. Her er mykje song og musikk og preika er meditativ. Dette er gudstenesta for dei som ynskjer å gå eit steg ut av travelheita.

Parkering. Ved Bryne kyrkje vert det fort kaos. Fint om me kan praktisera einvegskøyring. Køyr inn ved Solberg elektriske og ut om Shellstasjonen. Ikkje blokker vegen. Lytt til parkeringshjelparane.

Nyttårsafta 31. desember

Bryne kyrkje kl 23.15
Undheim kyrkje kl 22.45

Matt 11, 25-30

Midnattsgudsteneste
Midnattsgudsteneste

Nyttårsdag 1. januar

Time kyrkje kl 11.00

Matt 18, 19–20

Gudsteneste. Nattverd

God jul og godt nytt år i heim og kyrkje!